



Lindås VVS N.T. AS

Pb 42

5951 LINDÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/758 - 15/19325

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

13.05.2015

Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av stikkleidning for vatn - gbnr 55/27 Bruvoll.

Administrativt vedtak. Saknr: 181/15

Tiltakshavar: Atle B. Andersen

Ansvarleg søker: Lindås VVS AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova
(pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av privat stikkleidning for vatn. Stikkleidningen går frå kommunal målestasjon og fram til gbnr 55/27. Leidningen har kapasitet for framtidig tilkopling av naboeigedomane.

Det er gitt løyve til tilkopling til kommunalt vassverk i vedtak datert 07.05.2015.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

Det vert elles vist til søknad motteke 03.03.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.05.2015. Det er ikkje lovfesta frist for handsaming av dispensasjonssaker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål, jf punkt 5.1 og 5.5 i føresegnene til planen.

Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med slik grunngjeving:



Ny vannledning vil gi gnr 55 bnr 27 mulighet til koble seg på kommunal vannledning og gi en betraktig bedre vannkavalitet en det de i dag får fra borrehull.

Ved å legge en 63 mm vannledning, vil det også gi naboen i området en mulighet til å koble seg på.

Vi kan ikke se at denne vannledning vil medføre noen negative innvirkning på miløet/området.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.03.2015.

Privatrettslege tilhøve

Stikkleidningen går over eigedomen gnr 55/3. Det ligg føre avtale med rett til å føra vassleidning over gnr 55/3 datert 02.11.2014.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknyting til det kommunale vassverket den 07.05.2015.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevest dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at

vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak ligg i område som er avsett til LNF-føremål, med omsynssone landbruk, i kommuneplanen for 2011-2023. I desse områda er det berre tillatt med naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemnd som er basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf punkt 5.1 i føresegnene til kommuneplanen. Tiltaket vil også vera råka av bestemmelse i punkt 5.5 i føresegnene som seier at andre tiltak enn fasadeendring ikkje kan setjast i verk nærmere vassdrag enn 50 meter frå strandlinja.

Tiltaket ligg i område langs Onesvatnet som er ein del av eit samanhengande vassdragssystem som går frå Storavatnet og Bruvoll og til Lindåsosane. Området er rekna som eit regionalt viktig friluftsområde.

Det er etablert kommunal hovudvassleidning i område der aktuelle eigedomar må knyta seg til denne ved etablering av private stikkledningar. Den kommunale hovudvassleidningen er tilrettelagt for at stikkledningar kan etablerast ved målestasjonen på vestsida av vassdraget.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av vassleidning fram til eigedomen gbnr 55/27. Leidningen er dimensjonert for at naboeigedomane også kan koplast til i framtida. Etablering av vassleidningen vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil derimot sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande vassforsyning til eigedomen. Vassleidningen skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Tiltaket vil såleis ikkje endra bruken av arealet. Administrasjonen vil likevel påpeika at det ved kryssing av vassdraget må takast særskild omsyn til friluftsinteressene i området og bruken av vassdraget.

Det er frå kommunen si side ønskjeleg å etablera eit tilkoplingspunkt for private stikkledningar på austsida av vassdraget slik at det ikkje skal vera naudsynt å kryssa dette for å knyta seg til det kommunale vassverket. Tiltakshavar må såleis rekna med at kommunen kan setja krav om at stikkledningen i framtida skal flyttast.

Adminsitrasjonen finn etter ei samla vurdering at fordelane ved omsøkte tiltak er større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Naudsynte privatrettslege tilhøve synsast stetta. Administrasjonen vil tilrå at privatrettslege avtalar vert tinglyst.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Lindås VVS N.T. AS**, org.nr. 915836445, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søker (SØK), prosjekterende (PRO) og utførande (UTF) for tiltaket**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for etablering av stikkleidning for vatn i samsvar med søknad mottatt 03.03.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av stikkleidning for vatn i samsvar med søknad mottatt 03.03.2015 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 03.03.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 07.05.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVARSMÅRÅDE
SØK	Lindås VVS N.T. AS	915836445	S	1	Ansværlig søker
PRO	Lindås VVS N.T. AS	915836445	S	1	Heile tiltaket
UTF	Lindås VVS N.T. AS	915836445	S	1	Heile tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/758

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegne før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg sjekke om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal sjekke om stafesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal sjekke om stafesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Bruk av basiskart	1	Kr 500,-
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan	1	Kr 8 400,-
10.2.5	Basisgebyr for konstruksjonar og anlegg – vassleidning	1	Kr 3 400,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning		Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 13 300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle B. Andersen Fylkesmannen i Hordaland	Trælandsvegen 24 Postboks 7310	5956 5020	HUNDVIN Bergen
--	-----------------------------------	--------------	-------------------

Mottakarar:

Lindås VVS N.T. AS	Pb 42	5951	LINDÅS
--------------------	-------	------	--------